



Gleda var stor i Uskedalen då NCC heldt fram med asfalteringa tysdag. Her er mannskap og maskinar i arbeid utanfor det tidlegare hagesenteret. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Onsdag føremiddag hadde NCC fått asfalten på plass i den kommunale delen av Geilo (nærmast riksvegen) samt stikkvegen ned til oppvekstsenteret. Kommunen lova asfaltering før månadsskiftet oktober/november. Det heldt ikkje heilt, men uskedelingane tek ikkje det så tungt. Dei har venta mange år på å få asfalt på denne mykje trafikerte vegbiten som ofte har minna om eit uttørka elvefar.**



- og slik var resultatet onsdag føremiddag! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det byrja så smått med eit lass asfalt lengst nede mot oppvekstsenteret i førre veka, men då mannskapa kom att tirsdag gjekk det for fullt både dag og kveld.

Lengje såg det ut til at Uskedal-prosjektet ikkje ville bli med på kommunen sitt asfalteringsprogram dette året heller, men så vart det prioritert likevel og det er alle glade for. Dette året legg kommunen asfalt for 2,5 millionar og omtrent den samme summen vil etter alt å dømme bli budsjettert for neste år.

Då kjem turen kanskje også til Halsabrotet.

- Det er ingen tvil om at Halsabrotet no står øverst på prioritetslista i Uskedalen, men eg tør ikkje lova noko sikkert neste år for da er det nærmast bestemt, seier Ivar Kåre Døssland i kommunen til uskedalen.no.

Delar av gata i Halsabrotet er oljegrus som vart lagt for lang tid sidan, påpeiker han.

- Kva kostar eigentleg asfalten som er lagt i Uskedalen no?

- Vi kom vi vel opp i 80 kroner kvadratmeteren viss når noko tilleggsarbeid blir rekna med og som eit anna tillegg må eg budsjettera med moms på material, opplyser døssland.

Elles er NCC no i gang med asfaltering av Halsnøysambandet for Veidekke samstundes som firmaet køyrer vidare etter kommunen sitt asfalteringsprogram.

- Det er ikkje noko problem å bli kvitt pengane, spøkjer Døssland.

Det er no att berre ein kommunal vegstubb i Uskedalen som ikkje er asfaltert og han er på Eik.

Av Ola Matti Mathisen





Neste år kjem turen kanskje til Halsabrotet! (Foto: Ola Matti Mathisen)